

INNSPEL TIL FORSLAG OM NEDLEGGING AV KREATIVE FAG VED VOSS GYMNAS 2025-2035.

Voss er ei bygd som i de seinare år har gått motstrøms, andre bygder og små byer, når det gjelder utvikling av innbyggartal og etablering av ny næring.

Ein ny større rapport bestilt av Voss Herad, viser at befolkningsveksten i stor grad skuldast mangfald i kulturlivet. Voss har høgast konsentrasjon av festivalar, institusjonar av kulturell karakter i forhold til innbyggartal, i heile landet.

Kultur og næring har en nær samankopling.

Ei bygd med mangfald i alder, kjønn, etnisitet, næringsliv og kulturliv er ei bygd i utvikling.

Samfunnsøkonomisk analyse AS, viser klare koplingar mot at Voss som regionsenter har utvikla seg til å bli nummer to på Vestlandet. Etter Bergen skal Voss være kulturstad nummer ein.

Voss er ei bygd med økt turisttilstrøyming, men og nyetablering av einmannsbedrifter og større næringsprosjekt. Voss Herad ser viktigheita av å har fleire bein å stå på og samankoplinga av kultur og næring sjåast som viktig for utviklinga.

Sidan 2010 har samla verdiskaping i næringslivet økt med meir enn 70% og sysselsetting har økt med 35%.

IT, media og reklame er av de raskast voksende bransjane. Dette er sterkt knytta opp mot økt reiseliv og det trengs kvalifisert arbeidskraft. Voss har ei rekke grønne næringsprosjekt som trenger metting framover.

Veksten i næringslivet er større på Voss enn i nabokommunane. Samtidig opplever næringane på Voss utfordringar med å skaffe kvalifisert arbeidskraft, som indikerer et avvik mellom befolkningas utdanningsnivå og behova i det lokale næringslivet.

Denne utfordringa ynskjer Fylkeskommunen nå å forsterke med sitt forslag til endra skolestruktur!

Voss ynskjer lokalt eigarskap og dette skapast med ungdom som føler eigarskap til bygda, i motsetnad til nasjonale kjeder der skatteinntektene går ut av bygda.

Voss trenger utdanna, engasjert ungdom. Vi trenger eit variert skuletilbod som gjer at ungdommen blir i bygda og dannar røtene sine her, slik at de med større sannsyn søker tilbake til bygda også etter høgskoleutdanning.

Mangfald og bredde i fagtilbod er viktig sjølv om fødselskulla minkar i periodar. At ungdom på 16 år må forlate bygda for å kunne velje sin yrkeskarriere har svært mange uheldige konsekvensar, både for elev, familie og for lokalsamfunnet.

Ungdom er «hjørnesteina» i bygda. Samfunnet på Voss trenger denne ungdommen, både direkte i form av sysselsetting til bedrifter på Voss, men og for å bidra til den positive utviklinga som bygda Voss har i dag. Eit mål må vera at fleire skal fullføre vidaregåande skule. Nedlegging av kreative fag i distrikta er ikkje rett veg å gå for å nå dette målet.

Statleg satsing er desentralisert, variert mangfald med omsyn på bedrifter og busetting.

Voss treng forutsigbarheit for både elever og lærarar. Stadig truslar om nedlegging av linjer bidrar til at utkantstrøk mister dyktige fagpersonar.

Voss trenger meir utdannings-moglegheiter, ikkje mindre!

Voss Næringsråd stiller seg sterkt i mot nedlegging av linjene:

- **Musikk, dans og drama**
- **Kunst, design og arkitektur**
- **Frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign**